

Merknad frå	Oppsummering	Kommunedirektøren si vurdering
Generelt	<p>Dei regionale myndigheitene er generelt positive til planframlegget. Dei trekk frem at dokumentet er lettlest med ein god struktur, og at arbeidet knytt til medverknad har vore svært godt. Samfunnsdelen inneheld ikkje arealstrategiar, dette medfører at areal er eit gjennomgåande tema i tilbakemeldingane. Mange av innspela må sjåast nærmare på i arbeidet med arealstrategiar og kommuneplanen sin arealdel.</p>	
NVE, datert 30.06.2023	<p>Tilpassing til forventa klimaendringar er ei planoppgåve, det er viktig at kommunen har søkelys på klima og klimatilpassing. NVE gjer fagleg råd om å synleggjera kva mål kommunen skal ha for handtering av overvatn i framtida og syner til NVE sin rettleiar 4/2022 for handtering av arealplanar. Kap 4.4.1 tar for seg korleis overvatn kan innarbeidast i samfunnsdelen av kommuneplanen.</p>	<p>Samfunnsdelen er ein overordna plan. Overvatn er inkludert i strategi som omhandlar klimatilpassingstiltak og strategi om ta vare på og bruke grønne og blå strukturar for klimatilpassing. Ytterlegare tiltak knytt til overvatn følgjast opp i arbeidet med arealstrategiar, kommuneplanen sin arealdel og andre planar.</p>
Direktoratet for mineralforvaltning, datert 03.07.2023	<p>DMF saknar ei overordna omtale i samfunnsdelen om tilgang på og behov for mineralske ressursar i kommunen. Vaksdal har ingen uttak i drift og bør vurdere behovet og kor byggeråstoff skal hentast frå.</p>	<p>Vurdering av behovet og kor byggeråstoff skal hentast frå gjerast i forbindelse med reguleringsplanar og kommuneplanen sin arealdel.</p>

Vik kommune, datert 04.07.2023	Vik kommune har ingen merknader til planarbeidet.	
Kystverket, datert 05.07.2023	Det er viktig at samfunnsplanen blir framtidretta og gir premiss for avklaring av arealbruk på sjø og land. Ved den vidare arealforvaltninga gjennom kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar, områdeplanar og detaljplanar bør kommunen vere observant på at det ikkje vert tilrettelagt for aktivitetar som kan komme til hinder for tryggleik og framkome på sjøen. Kystverket har ingen ytterlegare innspel, ut over å oppfordra til å jobba heilskapleg for at maritim verksemd, bruk av sjøen og sjøretta landareal til transport, næringsverksemd og fritidsbruk har ein naturleg plass i samfunnsplanlegginga.	Kystverkets innspel takast med vidare til arbeidet med arealstrategiar, utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel og interkommunal plan for sjøareal.
Bergen brannvesen, datert 10.07.2023	Planen må ta omsyn til brannstasjonsplasseringar i følge med utviklinga og etableringa av nye nærings- og bustadutviklingsområde.	Brannstasjonsplasseringar vurderast i samanheng med etablering av nye nærings- og bustadutviklingsområde i kommuneplanen sin arealdel. Ivaretakast også i områdeplan for Vaksdal.
Statens vegvesen, datert 12.07.2023	Ved oppstart av planarbeidet etterlyste Vegvesenet eit arealrekneskap, men planen gir ikkje føringar for dette. Det	Vaksdal kommune skal utarbeida arealstrategiar som ein del av arbeidet med rullering av kommuneplanen sin

	er i liten grad føringar eller bindingar for det komande arbeidet med arealdelen av kommuneplanen.	arealdel. Her vil ein ta med seg føringar frå kommuneplanen sin samfunnsdel.
Visit Bergen, datert 13.07.2023	<p>Visit Bergen påpeiker at utkastet til ny samfunnsdel ikkje har eit uttalt mål om berekraftig reisemål- og reiselivsutvikling i Vaksdal. Visit Bergen ber om at dette inkluderast i planen. Kulepunktet på side 10 i planutkastet kan endrast til følgjande:</p> <p>«støttar opp under berekraftig reisemål- og reiselivsutvikling».</p>	Kulepunkt på side 10 i planutkastet endrast i samsvar med innspel frå Visit Bergen. Det er viktig å framheva at Vaksdal skal støtta opp om eit berekraftig reiseliv.
Bane NOR, datert 14.07.2023	<p>Ber kommunen vere merksam på følgjande i samfunnsdelen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Leggja til rette for trygg ferdsel inn mot stasjonsområda, gode parkeringsmoglegheiter for både bil og sykkel som gjer det attraktivt å velgja tog, og dessutan leggja opp til trygg passasjerutveksling mellom t.d. tog og buss - Sjå til at nye utbyggingsområde ikkje forverrer faren for flaum og skredskadar på omkringliggjande anlegg (mellom anna jernbanen) eller at nye utbyggingar ikkje medfører avrenningsliggjande anlegg eller at 	Vaksdal kommune har mål om at kommunen skal leggja til rette for utvikling og fortetting i stasjonsbyane. Samfunnsdelen inneheldt òg mål for klimatilpassing. Dette målet skal følgjast opp gjennom arealstrategiar og kommuneplanen sin arealdel, og eventuelle reguleringsplanar.

	<p>nye utbyggingar ikkje medfører avrenningsproblematikk inn mot jernbanen.</p>	
<p>Vestland fylkeskommune, datert 31.07.2023</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Oppmodar kommunen til å bryta ned berekraftsmåla til ein lokal kontekst og vise korleis det er tenkt at kommunen skal jobbe vidare. Aktuelle tema og utfordringar kan koplast mot dei ulike tema og utviklingsområda i samfunnsdelen. 2. Planskildringa nemner ikkje regionale planar og strategiar, dette til tross for at kommunen blei gjort merksam på overordna regionale planmateriale som kommunen bør syne til. 3. Arealstrategiar er ikkje nemnd i planskildringa. For tema i samfunnsdelen som krev oppfølging gjennom arealretta tiltak, bør kommunen vurdere arealbehov og sette føringar gjennom ein arealstrategi. 4. anbefalar at kommunen utarbeidar ein handlingsdel knytt til samfunnsdelen. Dersom kommunen har eit ønske om at økonomiplanen skal inngå i, eller utgjere handlingsdelen opnar kommunelova opp for dette. I så tilfelle rår vi til at dette vert synleggjort i planskildringa. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vaksdal kommune har vald å synleggjere utfordringar og satsingsområde, og berekraftsmåla er eit gjennomgåande prinsipp i planen. Vidare skal Vaksdal utarbeida ei digital løysing for samfunnsplanen der ein skal kunne sjå tydeleg korleis Vaksdal jobbar for å nå berekraftsmåla. Samfunnsdelen skal òg brytast meir ned i handlingsdelen og koplast til berekraftsmåla. 2. Ein ynskjer ikkje å liste opp alle nasjonale, regionale og kommunale føringar som kommunen skal følgja opp. Det vert likevel tatt inn ei setning om at samfunnsdelen bygger på

	<ol style="list-style-type: none"> 5. Kommunen kan tydeleggjere kva som er rolla til helsetenesta i folkehelsearbeidet og kva som er rolla til kommunen sine andre sektorar. 6. Samfunnsdelen bør ha skildringar om universell utforming der ein òg løfter fram kva område kommunen ynskjer at universell utforming skal få særskild prioritet. Dette burde og inkluderast i prinsipp for arealbruk. 7. VFK meiner vassforvaltning kan konkretiserast i større grad. Foreslår å inkludera følgjande strategiar: <ol style="list-style-type: none"> a. Samfunnsutviklinga skal sikre og bidra til å nå miljømåla som er satt i vassforvaltningsplanen/vann-nett for elvar, bekker, innsjøar, kystvatn og grunnvatn b. Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomster verre. Der det er mogleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd. 8. Klima: <ol style="list-style-type: none"> a. Korleis klima og miljø er eit premiss for berekraftig samfunnsutvikling i Vaksdal kan 	<p>nasjonale og regionale føringar i kapitelet «Kva er samfunnsdelen»</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Arealstrategiar skal utarbeidast som ein del av kommuneplanen sin arealdel. Dette omtalast nærmare i saksutgreiinga til slutthandsaminga. 4. Økonomiplanen skal utgjere handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel. Ei setning om dette vert tatt inn i kapitelet «Kommuneplanen som styringsdokument». 5. Ei skildring av folkehelsearbeidet i kommunen og fordeling av roller er ein del av kommunen sitt folkehelsearbeid. 6. Tema universell utforming inngår i strategiar om at
--	---	--

	<p>tydeleggjerast. Vi oppmodar kommunen blant anna til å sette krav for eigen verksemd.</p> <ul style="list-style-type: none"> b. Regional plan for klima må leggjast inn som ei regional føring. c. Oppmodar kommunen til å vedta eigne, ambisiøse mål om utsleppskutt som inkluderer målar og referanseår. d. Planen bør inkludere oppdatert informasjon og framskrivingar av klimagassutslepp i kommunen. e. Oppmodar kommunen til å gjennomføre ein analyse av kva klimarisiko ein har, og kva som kan påverke på kort og lang sikt. f. I eit natur- og klimaperspektiv bør næringsareal, bustad og transport samordnast, og dette bør tydeleggjerast i planen. <p>9. Kulturminne og kulturmiljø</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Planen kunne synleggjort i større grad verdien av kulturminne og kulturmiljø som viktige samfunnsressursar som bidreg i alle 	<p>kommunen skal leggja til rette for aldersvennlege samfunn og leggja til rette for aktivitet og deltaking i samfunnsliv og frivilligheit i alle livsfasar. Universell utforming vert følgt opp som tema i arealstrategiar, kommuneplanen sin arealdel, temaplanar, handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel og i andre planar.</p> <p>7. Inngår i strategiane som er utarbeida under satsingsområde «Klimavennleg utvikling». Blir fulgt opp i arbeidet med arealstrategiar, kommuneplanen sin arealdel og handlingsplanar.</p> <p>8.</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Samfunnsdelen inneheld strategiar om korleis kommunen skal vere
--	---	--

	<p>aspekt knytt til berekraft. Kommunen bør ha egne mål knytt til kulturminne og kulturmiljø i samfunnsplanlegginga.</p> <p>b. Under satsingsområde klima- og miljø kan kommunen trekke inn kulturminne, rehabilitering og ivaretaking av eksisterande bygningar påverkar miljøet halvparten så mykje som å rive og bygge nye.</p>	<p>pådrivar, motivator og tilretteleggar både for eigen verksemd, innbyggjar og næringsliv. Finn det ikkje aktuelt å ta inn egne krav i samfunnsdelen. Krav og konkrete tiltak følgjast opp i handlingsdelen til kommuneplanen.</p> <p>b. Det er lagt inn ei setning om at kommunen følgjer opp nasjonale og regionale føringar i kapittelet «Kva er samfunnsdelen».</p> <p>c. Dei overordna måla til kommuneplanen sin samfunnsdel skal følgjast opp i handlingsdel og temaplanar der dette vert prioritert. Inkludert i</p>
--	--	---

		<p>strategi om at Vaksdal skal bli eit klimavennleg samfunn.</p> <p>d. Kunnskapsgrunnlaget inneheldt informasjon om klimagassutslepp i kommunen. Vert også følgt opp i arealstrategiar og kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>e. Omtalt i kunnskapsgrunnlaget. Vert følgt opp i arealstrategiar og kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>f. Vert følgt opp i arealstrategiar og kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>9. Kulturminne og kulturmiljø</p>
--	--	--

		<ul style="list-style-type: none"> a. Dette vert følgt opp gjennom kulturminneplan og forslag til ny kulturmiljøplan. b. Dette vert følgt opp gjennom kulturminneplan og forslag til ny kulturmiljøplan.
Statsforvaltaren i Vestland, datert 01.08.2023	<ul style="list-style-type: none"> 1. Kunnskapsgrunnlaget og dokumentet er tynt. Saknar arealstrategiar som grunnlag for det vidare arbeidet med arealdelen. 2. Saknar vurderingar og prioriteringar av kva berekraftsmål som er mest relevante i kommunen knytt opp mot aktuelle utfordringar. 3. Oppmodar kommunen å legge til eit eige kapittel der ein gjer greie for utfordringar knytt til arealbruk, der de og formulerer konkrete arealstrategiar. Dette vil gje verdifull forankring for arbeidet med arealdelen. 	<ul style="list-style-type: none"> 1. Arealstrategiar blir ein del av arbeidet med kommuneplanens arealdel. Satsingsområde og mål frå samfunnsdelen skal nyttast som utgangspunkt. 2. Vaksdal kommune har valt å synleggjere utfordringar og satsingsområde, berekraftsmåla er eit gjennomgåande prinsipp i planen. Vidare skal Vaksdal utarbeida ein digital løysing for

	<ol style="list-style-type: none"> 4. Kommunen bør vurdere å ta i bruk arealrekneskap og klimarekneskap og vurdere kva metode som er best tilpassa kommunens nivå. 5. Står ikkje noko om kunnskap om naturmangfald og naturtypar. Oppmodar kommunen til å auke kunnskapsgrunnlaget og ev. fastsetja mål om utarbeiding av naturmangfaldsplan. 6. Ønsker generelt at ein løfter naturverdiane i samfunnsdelen med mellom anna fastsetja mål og strategiar for korleis naturverdiane skal sikrast. 7. Vi rår og kommunen til å fastsetja tydelege mål og strategiar som gjeld klima, reduksjon av klimagassutslepp, energi og klimatilpassing. 8. Meiner kommunen må inkludera mål om nedbygging av natur, overskotsmassar og prioritere naturbaserte løysingar for å handtere klimaendringane. 9. Det er ikkje nemnt korleis ein skal følgje opp vassforvaltningsplanane og vassforskrifta (sjå Øygarden kommune sin samfunnsdel kap. 7.2.3) 10. Akvakultur er lite nemnd i planen og dette bør inkluderast i arealstrategiane. 	<p>samfunnsplanen der ein skal kunne sjå tydeleg korleis Vaksdal jobbar for å nå berekraftsmåla. Samfunnsdelen skal og brytast meir ned i handlingsdelen og koplast til berekraftsmåla.</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Arealstrategiar blir ein del av arbeidet med kommuneplanens arealdel. Satsingsområde og mål frå samfunnsdelen skal nyttast som utgangspunkt. 4. Følgjast opp i arbeidet med arealstrategiar, kommuneplanens arealdel og handlings- og økonomiplan. 5. Kunnskapsgrunnlaget omtalar naturmangfald og naturtypar. Samfunnsdelen har mål om å legge til rette for naturmangfald, rein luft, rein
--	---	---

	<p>11. Friluftsliv er ikkje i særleg grad nemnt i dokumentet, dette bør inkluderast i dokumentet og i arealstrategiane.</p> <p>12. Massehandtering bør inkluderast i arealstrategiane. Samtidig kan samfunnsdelen gje eit viktig grunnlag for prioriteringar av betydning for masseuttak i arealdelen.</p> <p>13. Utviklingstrekk, bustadbehov og bustadpolitikk: Viser til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023- 2027 og til Lov om kommunens ansvar på det bustadsosiale feltet, 2022 mfl. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er fastsett mål på det bustadsosiale feltet.</p> <p>14. Barn og unge: oppmodar om at ein har som mål å tilpasse tilbod til ulike interesser, aldersgrupper, lokaliseringar og tilgjengelegheit.</p> <p>15. Ser gjerne at hovuddokumentet er tydelegare knytt til strategiske val for samfunnstryggleik og beredskap. Per i dag er måla for utydelege til å nyttast i samfunnstryggleik og beredskapsarbeidet.</p> <p>16. Det er svært lite i planframlegget som omhandlar landbruket, og arealforvaltninga elles. Det er uheldig</p>	<p>fjord og reine vassdrag. Kommunens vurdering av planbehov, inkludert naturmangfaldsplan blir vurdert i planstrategien.</p> <p>6. Samfunnsdelen har mål om å legge til rette for naturmangfald, rein luft, rein fjord og reine vassdrag og strategiar for korleis kommunen skal nå måla.</p> <p>7. Samfunnsdelen har mål om å redusere klimagassutslepp, bli eit klimavenleg samfunn, og å tole klimaendringane, og strategiar for korleis kommunen skal nå måla.</p> <p>8. Samfunnsdelen har mål om å legge til rette for naturmangfald, rein luft, rein fjord og reine vassdrag og strategi om at kommunen skal</p>
--	--	---

	<p>all den tid landbruket er ein relativt viktig næringsaktør i kommunen. Kommunen bør vurdere særskilt medverknad for landbruksnæringa når arbeidet med arealstrategiar og nye arealdel tar til.</p>	<p>avgrensa inngrep og nedbygging av naturområde, jordbruksareal og areal med karbonrike naturtypar. Tema er også inkludert i statlege reguleringsplanar.</p> <p>9. Vassforvaltningsplanane og vassforskrifta skal følgjast opp. Takast med vidare til arbeidet med arealstrategiar, kommuneplanens arealdel og ulike temaplanar og handlingsdelar i kommunen.</p> <p>10. Vaksdal kommune ynskjer ikkje å avsetta nye områder til akvakultur eller legge til rette for utviding av eksisterande. Ikkje aktuelt å omtale dette i samfunnsdelen.</p> <p>11. Friluftsliv følgjast opp i arealstrategiar,</p>
--	---	---

		<p>kommuneplanens arealdel og ulike temaplanar.</p> <p>12. Massehandtering blir følgt opp i arbeidet med arealstrategiar og kommuneplanens arealdel.</p> <p>13. Bustadbehov og bustadpolitikk er ein del av arbeidet med boligpolitisk plan som no skal reviderast. Her vil det utarbeidast mål og strategiar for arbeidet. Jamfør § 10. Overgangsbestemmelse i Lov om kommunens ansvar på det bustadsosiale feltet, skal krava til planstrategi og kommuneplan etter § 5 annet ledd vere oppfylt seinast fire år etter at lova trer i kraft.</p> <p>14. Tilbod som famnar ulike interesser og aldersgrupper er inkludert i mål om at Vaksdal skal ha aktive lokalmiljø og</p>
--	--	--

		<p>Vaksdal skal vere ein god kommune å bu i.</p> <p>15. Kommunen nyttar heilskapleg ROS-analyse som rullerast kvart fjerde år.</p> <p>16. Landbruksnæringa takast i vare i temaplanar og strategiar. I samfunnsdelen er landbruksnæringa sett på som ein del av det samla næringslivet. Det vil bli gjennomført medverknad knytt til arbeidet med kommuneplanens arealdel.</p>
--	--	--